

Referat frå klasseforeldremøte

onsdag 14. mai

Saker

7.klasse-avslutning

6. klasseforeldre arrangerer festen for oss. Dei lagar pizza etter 7. klasseelevane sitt ynskje. Datoen er sett til tysdag 17. juni. På møtet vart det nemnd at to foreldre kjem heim frå Nordsjøen dagen etter. På bakgrunn av dette, vert det lufta for 6. klasseforeldra om festen kan haldast onsdag 18. Me vil avklara datoen så fort som råd. Forslaget til tidspunkt er kl. 19.00. 7.klassingane står for underhaldninga.

Foreldrepraten.no

Me kikka på nettsida: <http://www.foreldrepraten.no/>, og snakka litt kring nokre av tema. Foreldrepraten er eit diskusjonsopplegg for foreldre om barns forbruk og mediebruk.

Døme på tema:

Foreldre opplever utfordring knytt til barn sitt forbruk og mediebruk:

Kor mye lomme pengar og telefonkroner bør barnet få?

Kor skal tv og data plasserast?

Kva tenker me om aldersgrenser på film og spill?

Korleis kan foreldre skape trygge brukarar med et positivt sjølvbilete?

Det vart delt ut eit ark med fakta og råd med relevant informasjon til fleire av temaområda.

Stort foreldremøte

Klassen hadde ikkje saker til stort foreldremøte.

Oppsummering av året

Annikken viste korleis klassen ligg an i høve til fagplanane i kjernefaga. Kort oppsummert ligg me godt an. Me kjem til å vera innom alle måla før året er slutt.

Referent: Annikken Aadneram